

Ejeld lull  
født 2007  
og 2006

## Referat frå foreldremøte for 1. og 2. klasse, 29.8.2013:

Tilstades: 1.kl.: Ida Nordahl, Cecilie Svåsand, Jan-Roger og Maria Fagna. 2.kl.: Aina Knarvik, Anita Fosse og Joanna Kulik.

### Felles del:

Starta med å vise bilder og spele songen "Hverdag" av Louis Jacoby.

- Korleis går det med oppstarten og dei ferske elevane?

Sommerferien er ferdig og elevane må opp og ut av døra til bestemte tider og med bestemte lekser ferdig. Eit nytt skuleår er i gang, og ein ny tilvære, for dei ferske 1.klassingane. Dette er ein start som bør bli god og forutsigbar. Det er viktig å komma i gode rutiner på skulen og heime.

- Tema og Verkstad:

### Orientering om tema:

I år føl vi "Regnbogen 2", som er eit temabasert undervisningsmateriale. Vi jobbar med ulike tema gjennom samtale, lesing, forteljing, praktiske aktivitetar, verkstad og utedag. Vi lagar ein samanheng i det borna skal læra. Dette istadenfor å ha eigne fag som heiter naturfag, samfunnsfag og musikk. Vi lagar heilheitlege opplegg som skaper meining. Det vert laga månadsplanar. Snakk gjerne med eleven om kva dei har opplevd i etterkant, førebu gjerne i forkant. Songar og mål for perioden skal stå på månadsplanen. Ved slutten av månaden vil det komme spørsmål på baksida av planen om tema. Då kan de høyre kva eleven kan etter tema og perioden. Vi startar med tema "Frukt, bær og grønnskaker" og "Trafikk" i september. Så kjem temaet "Haust" i oktober. "Kroppen" i november. Felles prosjektveke for heile skulen kjem innimellom her, og i desember har vi juleskule. Temaplan kjem kvar ny måned.

### Utedag:

Mål for utedagen; Vera ute, helst i fri natur. Læra seg å bli glad i naturen, ta vare på naturen, leika, knytta relasjonar gjennom leik ute, fysisk aktivitet og læra å mestra kroppen i ulikt terreng. La borna få tid til å utfalda seg - særleg viktig i ei tid der borna si tid er så organisert. Vi har også ei læringsøkt knytta til tema eller meir spesifikke fag som t.d. matte.

### Verkstad:

Ein måte å bearbeida tema på. Verkstadspedagogikken har som mål å utvikla evnene til problemløysing, matematisk tenking, kreativitet, fantasi, samarbeid, meddela seg gjennom forteljing, teikning og skrivning. Verkstaden har desse stasjonane: Harde materiale (sløyd), mjuke materiale, leire, sand og klossar. Arne Trageton har utvikla arbeidsmåten.

Zippy - program om psykisk helse, som går over heile året frå haustferien. Meir informasjon kjem ut når vi startar. 1. og 2. kjem til å vere saman i Zippy-timane.

RLE (Religion, livssyn og etikk) - Margunn informerte. Det er ho som skal ha dei i dette faget. Faget er tredelt mellom kristendom, andre religionar og etikk.

Gym - 3 økter i veka. Alle dagar utan fredag, då er det utedag.

Fysisk aktivitet kvar dag på skulen er viktig. Dei får meir gym enn andre skular, men lagt inn meir faglege aktivitetar i gymsalen. Passa på at dei ikkje vert for passive no, dei er vande med meir aktivitet frå bhg.

**Anna:** Filmsnutt frå You tube vart vist, **"Voksne skaper vennskap sammen."**  
Første veka i september, blir det ekstra fokus på vennskap. Nasjonal kampanje:

*"Målet for kampanjen er å bidra til økt fokus på vennskap og samarbeid for å motvirke mobbing. Vi ønsker at kampanjen skal støtte og forsterke det gode og viktige arbeidet mot mobbing, diskriminering og krenkelser som allerede foregår i alle landets kommuner."*

Hugs: Det er viktig å invitera alle i bursdagsbesøk. Enten alle i klassen, eller berre jenter og/eller berre gutter.

NB: Jan-Enrique i 1.klasse har sterk **peanutallergi**. Ikkje ta med noko med peanutter i i matboksen.

**Elles oppfordrar vi til å ha vatn på drikkeflaskene.**